


NORE FUSA SKULE

Årsplan skuleåret 2017-18



Hege Steinsland-Hauge



Innhold

Visjon	2
Elevar	2
Tilsette	2
Skuledagen.....	2
SFO.....	2
Læreverk.....	2
Bibliotek	2
Transponder.....	2
FN.....	2
Påbygg.....	2
Skulen sine satsingsområde.....	3
Interaktiv undervisning.....	3
Uteskule	3
Psykisk helse	3
Aktivitetsplan.....	4
Årshjul.....	4
Sosial plan	5
Sosiale tiltak	5
Sosiale mål.....	6
Sosiale mål skuleåret 2017-18.....	6
Utviklingsområde/mål	7
Utviklingsmål for Fusa kommune og eining undervisning	7
I tillegg har Nore Fusa sine egne mål for skuleåret 2017-18.....	7
Reglar for orden og åtferd.....	8
Åtferd	8
Orden.....	8
Andre reglar.....	8
Konsekvensar ved regelbrot:	9

VISJON

Visjonen vår er i tråd med tankane som rår i framtidens skule og dette med læring for livet. Me ynskjer at elevane ved skulen vår skal bli «Best rusta for framtida».



Elevar

Skuleåret 2017-18 har me 57 elevar. Skulen er firdelt. 1. og 2. går saman, 3. og 4. og 5. og 6. Me vel å la 7.klasse gå aleine slik at dei får førebudd seg på ungdomsskulen. Det er ein fin elevmasse som syner god omsorg for kvarande.

Tilsette

Me er sju pedagogar inkludert rektor, tre assistenter og ein reinhaldar.

Skuledagen

Skuledagen startar 08:20. Måndag til torsdag sluttar me 13:45 og fredag 13.35

SFO

Det er SFO-tilbod ved skulen. Det er to ein elev som nyttar tilbodet.

Læreverk

Me har i år tatt i bruk nytt læreverk i engelsk for 5.-7.trinn, Explore. Me har og nye Multi i matematikk og Salto (nytt i fjor) i norsk for alle elevane. I år kjører me Stairs i engelsk for 1.-4.trinn. Frå og med neste skuleår vil alle elevane bruka Explore i engelsk. Multi, Salto og Explore har gode, nyttige digitale læreverktøy.

Bibliotek

Skulen har digitalt bibliotek. Her kan elevane låna så mykje bøkjer dei ynskjer. Biblioteket er bemanna ein time i veka og så kan kontaktlærar administrere utlån utover det.

Transponder

Skulen brukar eit tovegs SMS-system for å effektivisera og styrkja kontakten mellom heim og skule. No skal kommunikasjonsflyten gå enda betre enn før. Transponderteneste vil i stor grad kunna erstatta den tradisjonelle meldingsboka.

FN

Nore Fusa skule er vorte ein FN-skule. FN-skuler gjev elevane aktuell og engasjerande undervisning om FN og internasjonale spørsmål i samarbeid med FN-sambandet.



Påbygg

Nore Fusa skule skal få to påbygg i løpet av skuleåret. Eit nytt stort klasserom på ca 60 kvadrat utanfor hovudinngangen, og eit påbygg ved personalavdelinga til rektor og pedagogane. Påbyggja vil gjere skulen rusta for framtida, og løysa utfordringane våre med hensyn til areal.

SKULEN SINE SATSINGSOMRÅDE

Interaktiv undervisning

No har me fått interaktive tavler i alle undervisningsrom. Alle elevane får ta del i interaktive undervisning. Læreverka våre i basisfaga tilbyr gode undervisningsverktøy for bruk av læreboka på interaktiv tavle eller lerret.

Undervisningsverktøyet heiter «Smart Tavle» og gjev interaktive tavler innhald og opner for nye muligheter i undervisninga. Smart Tavle tar utgangspunkt i læreboka og er intuitiv og brukervennleg. Smart Tavle gjev læraren ein unik mulighet til å samle elevanes fokus og gjennomføre aktiviteter i klasserommet. Med eit klikk kan læraren forstørre og fokusere på enkeltdeler i boka. Smart Tavle gir uendelige muligheter for variasjon og kreativ utfoldelse i undervisninga.

Skuleåret 2017-18 er det eit mål på Nore Fusa at alle lærarane kvar veke skal bruke «Smart Tavle» i undervisninga.

Uteskule

Kvar veke har 1.-4.klasse ein dag med uteskule. Då vert undervisninga flytta ut. Uteskule inneheld naturfag, kroppsøving, matematikk, norsk, kunst og handverk og mat og helse. Me er heldig med plassering av skulen slik at det er mange muligheter for uteaktivitetar. Me ligg i nærleik til både sjø og skog. Undervisning ute på ein anna læringsarena gjev automatisk meir variert undervisning. Det er ei rekke empiriske studier som viser at det å ta elevane ut av klasserommet kan gjera ein stor forskjell. Eg viser til boka «Mange erfaringer i mange rom» (Frøyland 2010) som hevdar at det styrker elevanes forståing av samanhengen mellom teori og praksis og det styrker elevanes indre motivasjon for læring. Dei stille elevane blir mer aktive og deltakende i undervisningen og språket til elevene utvikler seg ved at dei får eit mer utforskande språk. Elevar som er mykje ute i naturen blir meir miljøbevisste enn andre. Elever som er mye utenfor klasserommet, vert roligere og meir empatiske.

Psykisk helse

Me ynskjer at alle elevane ved skulen skal få god kjennskap til psykologisk førstehjelp. Psykologisk førstehjelp er eit verktøy som er utformet som et skrin og skal lære barn og ungdom enkle sjølvhjelpsteknikker. Det er barnepsykologspesialist Solfrid Raknes som har utvikla skrinet i samarbeid med sentrale fagfolk innan det norske psykisk-helsevernmiljøet. Raude og grøne tankar står sentralt i opplegget. Der raude tankar er vonde og negative, medan grøne tankar er hjelsamme og skaper glede og trivsel. Av og til må ein arbeide for å få fram grøne tankar og for å gje dei grøne tankane makta over dei raude. Elevane skal få lære om raude og grøne tankar og få tips til korleis ein kan snu ein negativ spiral med raude tankar og koma seg vidare. Alle elevane våre har ei psykisk helse og alle opplever raude tankar. Derfor vil me gjerne at alle skal få kjennskap til psykologisk førstehjelp.

AKTIVITETSPLAN

Årshjul	
August	<ul style="list-style-type: none"> • Vekeoversikt • Songplan • Gjennomgang av ordensreglar/rutinar/evakuering • Sosial læreplan –sosiale mål • TL-nominasjon • Val av elevråd • PULS • Faddertid • Foreldremøte
September	<ul style="list-style-type: none"> • Infoskriv haust • Leirskule • Foreldremøte klassevis • FAU og SU • Potetfest • Tur med 5-årsklubben • Fusanista • Brannøving
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdering til fredag før haustferien • Elevsamtalar etter haustferien • Utviklingssamtalar • Nasjonale prøver • Leseaksjon • Planleggje jul • Symjing 1. omgang (6 veker)
November	<ul style="list-style-type: none"> • Lesefest • BliMe • Farsdag • Faddertid
Desember	<ul style="list-style-type: none"> • Adventssamlingar • Lucia • Julefest • Juleverkstad • Julegudsteneste • Juletregang • Julekino • Garderoberydding • Evaluering
Januar	<ul style="list-style-type: none"> • Vekeoversikt • Songplan • Nyttårsball • Gjennomgang av ordensreglar/rutinar/evakuering • PULS • Symjing 2.omgang (6 veker) • TL-nominering veke 2 • Infoskriv vinter
Februar	<ul style="list-style-type: none"> • MAS - ynskje for neste år • Leksetid/tilsyn/SFO-info

	<ul style="list-style-type: none"> • FAU og SU • Trivselsundersøking • Morsdag • Akedag uteskule • Vurderingar ferdig til veke 8 • Start elevsamtalar veke 8 • Faddertid
Mars	<ul style="list-style-type: none"> • Skidag • Foreldremøte/tema • Foreldreundersøkinga • Påskefrukost med bhg • Timeplan • Utviklingssamtalar start veke 10
April	<ul style="list-style-type: none"> • Kartleggingsprøvar • Førskule og fadrrar • Infoskriv vår • 17.mai program • Vurdering av læreverk
Mai	<ul style="list-style-type: none"> • Førskuledag • Hald Norge reint • Tur • Fusanisto • Faddertid • TINEstafetten
Juni	<ul style="list-style-type: none"> • Sommarfest • Fotballturnering • Sommarkino • Overføringsmøte usk og bhg • Prøvedag usk • Garderoberydding • Avslutningsfest for 7.klasse

SOSIAL PLAN

Den sosiale planen vår heldt me på å fornya. Nokre delar av den er klar, som til dømes dei sosiale måla.

Sosiale tiltak

I samarbeid med foreldrekontaktane i klassane har me eit sosialt arrangement i kvar klasse om hausten og om våren. Helst i god til før jul og sommarferie. Kontaktlærar deltek på dei sosiale arrangementa. Dette er svært positivt både for store og små.

Sosiale mål

Me brukar kommunen sitt verdigrunnlag, ROMSLEG, som utgangspunkt for dei sosiale måla slik at elevane og får inn verdiane som Fusa kommune byggjer på.

Sosiale mål skuleåret 2017-18			
Dette gjer vi...	Veke	Verdi	Sosialt mål
<p>I starten av ein ny periode brukar kontaktlærer tid med elevane sine til å samtala om den nye verdien.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva betyr verdien? • Kva gjer eg og kva gjer eg ikkje for å fremja den aktuelle verdien? 	33-34	R espekt	Eg godtek alle sjølv om dei er annleis enn eg
	35-36		Eg snakker fint til og om andre
	37-38		Eg lytter til andre
	39-40	O msorg	Eg lar andre få vere med i leiken
	42-43		Eg hjelper og trøyster dei som treng det
	44-45		Eg framsnakker andre
	46-47	M ot	Eg seier frå når eg ikkje har det bra
	48-49		Eg tør å ta egne val
	50-51		Eg vågar å ta ordet i klassen
	<p>Ein verdi går over fire til seks veker og inneheldt to eller tre sosiale mål.</p>	1-2	S amarbeid
3-4		Eg godtek å ikkje få viljen min	
5-6		Eg kan samarbeide med alle	
<p>Et sosialt mål går over to veker. Når det er nytt mål så vert det snakka om i klassen måndags morgon når elevane får ut ny lekseplan på same måte som vi snakkar om verdiane. Veka etter når målet ikkje er nytt vert elevane berre minna på målet.</p>	7-8	L øysningsorientert	Eg gjev ikkje opp, men prøver igjen
	10-11		Eg stoler på meg sjølv
	12-13	E ngasjement	Eg deltek aktivt i arbeid og samtale i klassen
	14+16		Eg gjer mitt beste
	17-18		Eg er med i leik
<p>I slutten av andre veka skal alle elevane vurdere korleis dei har nådd det sosiale målet for perioden.</p>	19-20	G odt humør	Eg gjer andre glad
	21-22		Eg viser glede
	23-24		Eg er imøtekomande
<p>På slutten av året vil lærarane evaluera planen og vurdera kvart einskild mål.</p>			

UTVIKLINGSOMRÅDE/MÅL

Utviklingsmål for Fusa kommune og eining undervisning

Nr	Mål
1	UTVIKLINGSMÅL 1 – 2017-2020: Fusa kommune skal vera ein nytenkjande og lærande organisasjon.
Resultatmål for 2017:	
1.1	Vi jobbar kunnskapsbasert, og nyttar stortingsmelding 28 "framtidens skule" i det pedagogiske arbeidet.
1.2	Vi har kompetanse i å sjå samheng mellom djupnelæring hos elevane og vår eigen undervisningspraksis. Vi har god praksis for refleksjon.
1.3	Vi har lærande møter på alle interne møteplassar.
2	UTVIKLINGSMÅL 2 – 2017-2020: Fusa kommune skal vera ein attraktiv arbeidsplass.
Resultatmål for 2017:	
2.1	Vi har HMT dag for leiarar og tillitsvalte med fokus på omdømmebygging.
2.2	Vi har fokus på det psykososiale miljøet for alle i skular og PPT.
3	UTVIKLINGSMÅL 3 – 2017-2020: Fusa kommune skal levera treffsikre tenester med god kvalitet og effektiv ressursbruk.
Resultatmål for 2017:	
3.1	Vi er lærande medarbeidarar som tileignar oss den kunnskapen vi treng for å nytta metodar som verkar i opplæringa.
3.2	Alle elevar har forventna progresjon i si leseutvikling, og vi nyttar PULS i arbeidet.
4	UTVIKLINGSMÅL 4 – 2017-2020: Fusa kommune skal førebu samanslåing med Os kommune f.o.m. 1.1.2020.
Resultatmål for 2017:	
4.1	Vi har samarbeid med oppvekst- og kultureininga i Os kommune om leiarutvikling og rettleiing.
5	UTVIKLINGSMÅL 5 – 2017-2020: Fusa kommune skal busetja flyktningar og vera eit inkluderande samfunn.
Resultatmål for 2017:	
5.1	Vi inkluderer flyktningbarn i elevgruppa og gjennomfører opplæring i «grunnleggande norsk for språklege minoritetar».
6	UTVIKLINGSMÅL 6 – 2017-2020: Eininga skal gjennomføra planarbeid vedteke i kommunal planstrategi 2017-2020.
Resultatmål for 2017:	
6.1	Eining undervisning og eining barnehage har felles plan for overgangar.

I tillegg har Nore Fusa sine egne mål for skuleåret 2017-18

- Alle pedagogar skal bruka ulike verktøy på Smart Board i undervisninga kvar veke
- Alle pedagogar skal bruka it`slæring aktivt. Lekseplanane og ulike referat skal leggjast ut kvar veke
- Alle tilsette brukar Transponder til kontakt mellom heim og skule
- Alle tilsette og elevar brukar «Psykologisk førstehjelp»
- Alle elevar skal lære seg å bruke biblioteket på rett måte

REGLAR FOR ORDEN OG ÅTFERD

Åtferd

Vis god folkeskikk og positiv framferd

- Helsar på kvarandre og er vennlege
- Hjelper kvarandre
- Seier unnskyld når ein har gjort feil eller urett mot andre
- Er høfleg og grei mot andre
- Går roleg inne og bruker innestemme

Vis omsyn og respekt for andre

- Ser, lyttar, hjelper og bryr oss om kvarandre
- Tenkjer gjennom korleis orda og handlingane våre vert oppfatta av andre
- Har tillit og stoler på kvarandre
- Aksepterer at me er ulike
- Seier ifrå når det blir gjort urett mot nokon, grip inn når noko skjer og prøver å trøysta

Ta medansvar for eit trygt og triveleg læringsmiljø

- Godtek og respekterer kvarandre
- Følgjer reglane som er bestemt i klassane og på skulen
- Er hjelpsam, oppmuntrar og gjev ros til kvarandre
- Samarbeider med alle
- Lyder trivselsleiarane

Vis respekt for undervisninga/læringsarbeidet

- Samarbeider med og lyder alle dei vaksne
- Gjer sitt beste sjølv om ikkje alt er like kjekt og interessant
- Rekkjer opp handa og ventar på tur
- Lyttar til den som har fått ordet og forstyrrar ikkje andre

Orden

Møt på skulen til rett tid

- Er på skulen før det ringjer inn
- Er raskt på plass til timane etter friminutta
- Går raskt ut til friminutt når læraren har avslutta timen

Ver førebudd til undervisninga

- Har med bøker og utstyr/ klede til undervisning og uteskule
- Gjer lekser til rett tid og held tidsfristar for innlevering

Hald orden

- Held orden i bøkene, på og rundt pulten
- Tar ansvarsoppgåvene alvorleg og ryddar opp etter seg

Arbeidsinnsats

- Er konsentrert og held arbeidsro
- Kjem raskt i gang og les oppgåva godt før ein spør om hjelp
- Deltak aktivt i timane

Andre reglar

Bruk av mobiltelefon og medieavspelarar

Det er ikkje lov å ha med seg mobiltelefon eller noko form for medieavspelar (smartklokke,

<p>Ipod, MP3-speler mm) på skulen. Dersom ein elev må ha med seg mobiltelefon på skulen så skal det avklarast med lærar på førehand.</p>	
<p>Bruk av snop og tyggegummi</p>	
<ul style="list-style-type: none"> • Dersom ein bruker tyggegummi, er den diskret i munnen. Bossbøtta blir brukt når den skal hivast. • Ein har berre med tyggegummi til eige bruk • Ein bruker ikkje / har ikkje med snop på skulen 	
<p>Forbod mot å bruke tobakk og rusmiddel på skuleområdet</p>	
<p>Ein bruker ikkje og har ikkje med sigarettar, snus eller andre rusmiddel på skulen.</p>	
<p>Forbod mot å ha med farleg reiskap på skulen</p>	
<p>Ein bruker ikkje og har ikkje med farlege gjenstandar eller krigsleiketøy på skulen.</p>	
<p>Skulevegen</p>	
<ul style="list-style-type: none"> • Dersom ein bruker sykkel til skulen, står den parkert i sykkelstativ i skuletida. • Sykling til skulen på trafikkert veg er ikkje tilrådd før 5.klasse. • Elevar som blir køyrde til skulen, vert sett av i rundkøyninga og bruker gangvegen. • Elevar som skal heim med skulebussen skal vente på fortauet til bussen har stoppa. 	
<p>Friminutt</p>	
<ul style="list-style-type: none"> • Ein sparkar ball berre på avtalte område • Ein kastar snøball på godkjend blink • Dynkeområdet er på fotballbanen nærast ballbingen. Dei vaksne avgjer om tilhøva ligg til rette, og det må vere ein vaksen til stades. Dei som vil vere med er kledd for aktiviteten. • Alle er kledde til å vera ute i friminutta i all slags ver. • Trehjul - og sparkesyklar er for 1.-4.klassingane og berre ein elev er på sykkelen om gongen. Syklane blir ikkje brukt som framkomstmiddel til bussen, men blir parkert ved skuret i siste friminutt. 	
<p>Internett</p>	
<p>På skulen bruker eg internett til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • It's learning • å gå inn på dei sidene eg har fått beskjed om • søkje etter konkret informasjon innanfor gitt tema • interaktive oppgåver 	<p>På skulen bruker deg <u>ikkje</u> internett til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • å chatte • å sende meldingar til medelevar eller andre • å leggje ut bilete • sosiale media som Facebook, Twitter m.m. • å sende private e-postar
<p>Datarommet</p>	
<ul style="list-style-type: none"> • Ein melder ifrå til lærar om noko ikkje fungerer. • Elevar skal ikkje trekkje ut eller byte om på leidningar • Ein loggar av når ein er ferdig. Berbare datamaskiner skal lukkast att. 	
<p>Fråver frå undervisning skal vere godkjent</p>	
<ul style="list-style-type: none"> • Fråver inntil to dagar kan godkjennast av kontaktlærar. • Fråver inntil to veker kan godkjennast av rektor. • Fråver grunna sjukdom skal skrivast i meldingsboka, og leverast kontaktlærar når eleven er tilbake eller sende sms på Transponder • Fråver av andre grunnar skal foreldra søkja om på førehand. Fråveret skal grunngjevast. 	

Konsekvensar ved regelbrot:

- Ein vaksen snakkar med eleven. Eleven skal få høve til å forklare seg før tiltak vert sette i verk.
- Dersom regelbrotet gjentek seg, vil kontaktlærar ta kontakt med heimen.

- Elevar som forstyrrar undervisninga kan visast ut av klasserommet av lærar, men skal vera under oppsyn.
- Ved alvorlege og/eller gjentekne brot, til dømes mobbing /vald, vil rektor snakka med deg og/eller foreldra dine. Rektor kan visa deg bort frå enkelttimar eller resten av dagen.
- Dersom noko uønska vert teke med eller brukt ulovleg på skulen, kan dette verta inndrege. Det som er inndrege kan hentast hos kontaktlærar når dagen er slutt.
- Dersom noko vert øydelagt, skal eleven melda ifrå, og må, om mogleg, retta opp att skaden (rydda, vaska, fjerna skribling). Erstatning kan kome på tale (inntil 5000 kr).
- Dersom internett vert brukt ulovleg, kan eleven verta midlertidig utestengt.